


# Planrapport 2013

Regional og kommunal planlegging i Hordaland



# Innhold

Føreord .....	4
<b>1. Regional planlegging .....</b>	<b>5</b>
1.1. Generelt om regional planlegging .....	5
1.2. Planar vedtekne i 2013 .....	5
1.3. Gjeldande regionale planar .....	6
1.4. Regionale planar under arbeid i 2013 .....	7
<b>2. Kommunal planlegging .....</b>	<b>9</b>
2.1. Kommunal planstrategi og kommune(del)planar .....	9
2.2. Reguleringsplanar .....	12
2.3. Dispensasjonar .....	18
<b>3. Planhandsaming av regionale organ i Hordaland .....</b>	<b>21</b>
3.1. Prøveordning: Koordinering av motsegner. ....	22
3.2. Motsegner i Hordaland 2008-2013 .....	22
<b>4. Tettstadutvikling .....</b>	<b>25</b>
4.1. Lokalt og regionalt samarbeid .....	25
4.2. Norheimsund vann den nasjonale prisen «attraktiv stad 2013» .....	25
4.3. Tilskot til planleggingsprosessar og prosjekt .....	26
<b>5. Rettleiing og kompetanseutvikling .....</b>	<b>27</b>
5.1. Plannettverk – fagsamling for planleggjarar .....	27
5.2. Regionalt planforum .....	27
5.3. Internett .....	28
5.4. Tettstadkonferansen 2013 «gode bustader i sentrum» .....	28
5.5. Plankonferansen 2013 .....	29
5.6. Forsking og utdanning .....	30

# Figurliste

Figur 1: Høring av planprogram og planforslag til kommune(del)planar i 2008-2013 .....	9
Figur 2: Tema i fråsegner frå fylkeskommunen til kommune(del)planar i 2013 .....	11
Figur 3: Kommune(del)planar med og utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune 2010-2013 .....	11
Figur 4: Tema i motsegnene frå Hordaland fylkeskommune til kommune(del)planar i 2013 .....	12
Figur 5: Reguleringsplanar på høring i Hordaland 2008-2013. ....	12
Figur 6: Tal på detaljreguleringsplanar og områderegulringsplanar på høring i 2013 .....	13
Figur 7: Konklusjonar i fråsegner frå Hordaland fylkeskommune til reguleringsplanar, både områdeplanar, detaljreguleringsplanar i alle nivå. ....	15
Figur 8: Innhald i fråsegnene til reguleringsplanar frå Hordaland fylkeskommune .....	15
Figur 9: Tal på arkeologiske registreringar etter kulturminnelova §9 til regulerings- og kommune(del)planar ...	16
Figur 10: Forholdet mellom reguleringsplanar med/utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune 2010 - 2013	16
Figur 11: Tal på dispensasjonar 2003 - 2013 .....	18
Figur 12: Dispensasjonssaker som Hordaland fylkeskommune rådde i frå 2004-2013 .....	20
Figur 13: Vedtak av dispensasjonar som Hordaland fylkeskommune klaga på i 2013 .....	20
Figur 14: Motsegner i Hordaland frå alle etatar og plantypar samanlikna med planar på høring 2010 - 2013 .	22

# Tabelliste

Tabell 1: Gjeldande regionale planar i Hordaland fylkeskommune .....	6
Tabell 2: Regionale planar under arbeid i 2013 .....	7
Tabell 3: Vedtaksår for kommunale planstrategiar .....	9
Tabell 4: Kommuneplanar i Hordaland, areal- og samfunnsdel .....	10
Tabell 5: Oversikt over tal på arealplanar på høring frå kvar kommune frå 2008 til 2013. Tala dekkjer både kommune(del)planar, reguleringsplanar og alle planfasar .....	14
Tabell 6: Resultat av motsegner frå Hordaland fylkeskommune i 2013 .....	17
Tabell 7: Saker med nasjonal kulturminneverdi som blei oversendt til Riksantikvaren i 2013 .....	17
Tabell 8: Dispensasjonar i Hordaland kommunevis i 2013 .....	18
Tabell 9: Dispensasjonssøknader fordelt på kommunane 2008 – 2013 .....	19
Tabell 10: Myndigheiter med motsegnskompentanse etter nytt rundskriv. Lista er ikkje uttømmende .....	21
Tabell 11: Motsegner frå regionale organ 2010 - 2013 .....	23
Tabell 12: Plansaker til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland 2008-2013 .....	23
Tabell 13: Oversikt over plansaker til mekling i Hordaland i 2013 .....	23
Tabell 14: Plansaker avgjort av Miljøverndepartementet i 2013 .....	24
Tabell 15: Tilskot til planlegging frå handslingsprogram for Næringsutvikling (NHH) .....	26
Tabell 16: Tilskot til planlegging frå partnerskap kommune og tettstadplanlegging i 2013 .....	26
Tabell 17: Saker i planforum i 2013 .....	27
Tabell 18: Saker i planforum 2010 – 2013 .....	28
Tabell 19: Trafikk på nettsida "planlegging" .....	28

# Føreord

Planrapporten skildrar status for regional og kommunal planlegging i Hordaland i 2013, sett i samanheng med tidlegare år. Det er i særleg grad arealretta regionale og kommunale planar som får merksemd.

Planmeldinga rettar seg mot alle som er interessert i regional og kommunal planlegging, til dømes politikarar, forvaltning, planleggjarar, studentar eller andre som er interesserte i temaet.

Tala i denne rapporten er i hovudsak basert på fylkeskommunens rapportering til KOSTRA, statistikk over innkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune, politiske saker og innspel frå andre regionale og statlege etatar.

I 2013 gjekk talet på reguleringsplanar på høyring opp, samstundes som talet på motsegner har gått merkbar ned. Dei fleste kommunane fullførte dei kommunale planstrategiane og ved utgangen av 2013 hadde 26 kommunar vedteke kommunal planstrategi. Hordaland fylkeskommune hadde i 2013 høg planaktivitet med 11 regionale planar under arbeid.

Å presentere ein rapport som tek føre seg Hordaland fylkeskommune som heilskap er ikkje mogleg utan godt samarbeid med dei andre regionale etatane. Vi takkar for bidrag frå Fylkesmannen i Hordaland, Statens Vegvesen, Jernbaneverket, Kystverket, Forsvarsbygg, Fiskeridirektoratet, Norges Vassdrags og Energidirektorat (NVE) og Bjørgvin Bispedømme.

Bergen, august 2014

Marit Rødseth  
Plansjef, Hordaland fylkeskommune

# 1. Regional planlegging

## 1.1. Generelt om regional planlegging

Regional planlegging skal leggje til rette for ei berekraftig utvikling av Hordaland. Regional planlegging fastset felles mål, strategiar og satsingsområde for regional utvikling, og har eit handlingsprogram som skal bidra til å oppfylle måla. Ein regional plan kan vere både tematisk og geografisk innretta, den kan gjelde heile fylket eller avgrensa geografiske område.

**Regional planstrategi** skal utarbeidast for kvar valperiode og blir vedteke av fylkestinget innan eitt år etter konstituering. Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere lang-siktige utviklingsmoglegheiter og ta stilling til for kva spørsmål som skal tas opp gjennom vidare regional planlegging.

Regional planstrategi for Hordaland 2012-2016 blei vedtatt av Fylkestinget 12. desember 2012. Følgjande planarbeid vart vedtatt å starta opp i perioden:

- Kompetanse og arbeidskraft
- Landskap, grønstruktur og regionalt viktige friluftsområde
- Regional plan for ferjefri E39 Aksdal – Bergen
- Utviklingsplan for indre Hordaland
- Klimaplanen – delrullering med hovudvekt på energi- og klimatilpassing
- Kystsoneplan – skal vurderast etter behov for rullering når Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger er ferdig.

## 1.2. Planar vedtekne i 2013

### 1.2.1. Regional næringsplan

Regional næringsplan for Hordaland 2013 – 2017, Næring til fortrinn, vart vedtatt av Fylkestinget i juni 2013. Planen er eit strategisk dokument og har følgjande visjon: Saman om verdiskaping i ein av Europas innovative regionar! Planen skal føre til at næringslivet i Hordaland når resultat i form av meir innovasjon, fleire arbeidsplassar og meir verdiskaping. Den viser kva for utfordringar som er særleg viktige i planperioden og har 3 hovudstrategiar som er utdjupa i planen:

- Meir entreprenørskap og innovasjon
- Fleire med relevant kompetanse
- Ein velfungerande Bergensregion og attraktive regionale senter



### 1.3. Gjeldande regionale planar

Regional planlegging skal ligge til grunn for fylkeskommunal verksemd og vere retningsgjevande for kommunal planlegging og statleg verksemd i fylket. Ein regional plan har ikkje rettsverknad ovanfor den einskilde innbyggjar, med mindre det er knytt regionale planføresegner til planen.

Plan	Vedtatt	Merknad
Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 – Næring til fortrinn	2013	Handlingsprogram erstattar Regionalt Utviklingsprogram (RUP) i 2014
Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei	2012	Felles plan for Hordaland, Rogaland, Telemark, Vest-Agder og Aust-Agder
Regional transportplan	2012	
Regional plan for Hardangervidda	2011	Felles plan for Hordaland, Buskerud og Telemark
Regional plan for museum	2011	Blir avløyst av regional kulturplan (under arbeid)
Klimaplan for Hordaland	2010	Blir avløyst av revidert klimaplan (under arbeid)
Fylkesdelplan for små vasskraftverk	2009	Retningslinjer om naturmangfald endra i Miljøverndepartementet i 2013.
Fylkesdelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv	2008	Blir avløyst av regional kulturplan (under arbeid)
Fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland	2007	Blir avløyst av regional kulturplan (under arbeid)
Fylkesdelplan for Universell utforming – deltaking for alle	2006	Blir avløyst av regional plan for folkehelse (til vedtak i 2014)
Fylkesdelplan for Sunnhordland	2005	Blir avløyst av regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (under arbeid)
Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet	2004	Gjeld for Sveio og Etne i Hordaland. Godkjent av kongen i Statsråd i 2009. Ny plan under arbeid
Fylkesplan for Hordaland	2004	Forlenga inntil vidare til den blir avløyst av nye regionale planar
Fylkesdelplan for senterstruktur og lokalisering av service og handel	2002	Blir avløyst av regional plan for attraktive senter (under arbeid)
Fylkesdelplan for kystsona	2001	
Regional plan for vindkraft	2001	Blir avløyst av revisjon av regional klimaplan (under arbeid)
Fylkesdelplan for kulturminne	1999	Blir avløyst av regional kulturplan (under arbeid)
Hamneplan for Hordaland	1999	Godkjent av kongen i statsråd i 2002

Tabell 1: Gjeldande regionale planar i Hordaland fylkeskommune

## 1.4. Regionale planar under arbeid i 2013

Plan	Planlagt vedtak	Status
Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel	2014	Vedtatt planprogram 2013
Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	2015	Vedtatt planprogram 2013
Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger	2015	Vedtatt planprogram 2013
Regional plan for Nordfjella (Hordaland, Buskerud, Sogn- og Fjordane)	2014	Høyring av planframlegg 2013
Regional plan for Haugalandet (Hordaland og Rogaland)	2015	Vedtatt planprogram 2011
Regional plan for Folkehelse	2014	Høyring av planframlegg 2013
Forvaltingsplan for vatn	2015	Vesentlege vassforvaltningsspørsmål på høyring 2012
Regional klimaplan (rullering)	2014	Vedtatt planprogram 2013
Regional kulturplan	2014	Vedtatt planprogram 2012
Utviklingsplan for Indre Hordaland		Førebuing av planarbeidet starta opp i samarbeid med Hardangerrrådet
Regional plan for godshamn i Bergensområdet		Utsett i påvente av Jernbaneverkets KVVU-arbeid for logistikknutepunkt for Bergensområdet.

Tabell 2: Regionale planar under arbeid i 2013

### 1.4.1. Arealretta regionale planar under arbeid

#### Regional plan for attraktive senter i Hordaland

Planprogrammet vart vedtatt i Fylkesutvalet 20.februar 2013. Føremålet med planen er å etablere ein robust og føreseieleg struktur for å sikre attraktive senter og balansert utvikling i Hordaland fylke.

Det er 5 plantema:

- Senterstruktur
- Attraktive sentrum og møteplassar
- Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod
- Handel og kjøpesenter
- Transport, tilgjenge og kommunikasjon

Planen skal innehalde ei planomtale og retningslinjer for utvikling. Planen kan også innehalde regionale føresegner for å erstatte rikspolitiske føresegner om kjøpesenter.

2013 var eit aktivt år i utarbeiding av planframlegget. Våren 2013 vart det gjennomført ei undersøking av Respons Analyse for å kartlegge kva syn innbyggjarane i Hordaland har på sentrumsfunksjonar. Undersøkinga tok opp tema som handel, tenester, kulturtilbod, sosiale møteplassar, transport, bustader i sentrumsområde, estetikk og funksjonalitet. Det vart gjennomført 1100 intervju. Resultata vart presentert på Tettstadkonferansen 2013 med påfølgjande gruppearbeid.

Det vart arrangert 2 temamøte med stor deltaking og ein work-shop i løpet av hausten 2013. Tema var handel og kjøpesenter samt tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod. Tema for work-shopen var attraktive sentrum. Her deltok inviterte arkitekter og planleggjarar frå kommunar i Hordaland.

Styringsgruppa og arbeidsgruppa til planen deltok på fagtur til Rogaland og Sunnhordland samt studietur til Nederland for å hente inspirasjon og gode idear til planarbeidet. Sentrale tema var sentrumsutforming, handelslokalisering, bruk av arkitektur og kunst samt ulike transportløyser for bane, buss, bil og sykkel.



## Regional areal- og transportplan for Bergensområdet


Planprogrammet var vedtatt 29. august 2013. Planområdet er dei 12 kommunane i Bergensområdet: Bergen, Os, Samnanger, Vaksdal, Osterøy, Lindås, Radøy, Meland, Askøy, Øygarden, Fjell og Sund.

Hovudføremålet med planen er å skape grunnlag for vekst og ein berekraftig og konkurransedyktig region. Samhandling på tvers av administrative grenser, sektorar og forvaltningsnivå skal fremje regional utvikling og attraktivitet. Ei konsentrert senterutvikling skal underbygge eit effektivt og miljøvenleg transportsystem med god framkome for befolkning og næringsliv. Planen skal også legge til rette for utbygging av naudsynt sosial infrastruktur.

Planen har 6 plantema:

- Senterstruktur, knutepunkt og byggjeområde
- Bustadområde
- Regionale næringsområde
- Transport
- Natur, kulturmiljø og landskap
- Regional samhandling og samordning

Planen skal samordne kommunale, regionale og statlege ambisjonar og mål, og den skal finne balansen mellom regional samordning og behovet for lokale tilpassingar. Det skal bli utarbeidd ein areal- og transportplan med felles mål, strategiar og arealkart. Planen skal vere på eit overordna nivå og grovmaska. Regional plan for Bergensområdet skal byggje på eksisterande kommuneplanar.



## Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger


Planprogrammet blei vedtatt av Fylkesutvalet i Hordaland 24. april 2013. Planområdet er kommunane Austevoll, Fitjar, Stord, Bømlo, Sveio, Etne, Kvinnherad, Tysnes, Fusa, Kvam og Jondal samt sjøområda i nordre del av Vindafjord kommune, Rogaland.

Føremålet med planarbeidet er å sikre ei berekraftig forvaltning av sjøareal og strandsone i Sunnhordlandsregionen og ytre Hardanger. Planen skal sikre gode rammevilkår for havbruksnivå som ei stor og viktig næring i regionen, samt maritim sektor med trygge farleier, hamneområde og sjørette næringsareal.

Planen har 4 plantema:

- Berekraftig kystsoneplanlegging
- Strandsona
- Akvakultur
- Sjøtransport og maritim næring

Etter høyringa av planprogrammet vart det lagt opp til å tydeleggjere plantemaet berekraftig kystsoneplanlegging i høve til fiskeri og marint naturgrunnlag, friluftsliv og sjøen som ressurs for båtliv og reiseliv.



## 2. Kommunal planlegging

Dette kapittelet viser status på kommunal planlegging i Hordaland i 2013 og handsaming i Hordaland fylkeskommune. Statistikken som blir presentert viser i hovudsak berre tal for kommuneplanens arealdel og arealplanar.

Store delar av statistikken i dette kapittelet er basert på innkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune. Det kan derfor vere ein liten feilmargen i overføring av tala til andre etatar, men vi meiner at hovudbiletet og trendande skal gje eit rett bilete av plansituasjonen i Hordaland.

### 2.1. Kommunal planstrategi og kommune(del)planar

Alle kommunar skal seinast eit år etter konstituering av kommunestyret vedta ein kommunal planstrategi, som skal vise kommunens planbehov for dei kommande fire åra. I Hordaland hadde 22 av 33 kommunar utarbeidd ein planstrategi før 2013. I løpet av 2013 blei enda fire kommunale planstrategiar vedtekne. 7 kommunar hadde i utgangen av 2013 ikkje ein kommunal planstrategi.


PLANSTRATEGI:	Kommune	Tal på kommunar
Vedtatt i 2012	Askøy, Austrheim, Eidfjord, Etne, Fitjar, Fjell, Granvin, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Masfjorden, Os, Osterøy, Radøy, Samnanger, Stord, Sveio, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss,	22
Vedtatt i 2013	Bergen, Sund, Tysnes, Øygarden	4
Under arbeid (jan. 2014)	Austevoll, Fedje, Meland, Modalen, Odda	5

Tabell 3: Vedtaksår for kommunale planstrategiar

#### 2.1.1. Kommune(del)planar på høyring i Hordaland i 2008-2013

Figur 1 viser at talet på kommune(del)planar og planprogram på høyring svingar kraftig. Talet på planprogram på høyring har gjekk ned frå 2009 til 2012. I 2013 snudde denne trenden. 11 planprogram blei sendt på høyring. Talet på planar på høyring var noko lågare enn i 2011 og 2012.

Dette er naturleg sidan kommuneplanen er ein langsiktig og heilskapleg plan, som ikkje blir rullert kvart år. I 2009 blei den nye plan- og bygningslova innført, dette er truleg årsak til det høge talet på planprogram på høyring dette året.



Figur 1: Høyring av planprogram og planforslag til kommune(del)planar i 2008-2013

Av dei 11 kommune(del)planane var 5 planar på 1. gongs høyring, 5 planar var på 2. gongs høyring og ein plan var på høyring grunna ei planendring.

## 2.1.2. Oversikt over kommuneplanar – areal- og samfunnsdel


Kommune	Vedtak arealdel	Vedtak Samf.del	Planlagt rullering
Askøy	2012		Planprogram for samfunnsdel er venta vedtatt i 2014
Austevoll	2013	2013	Planprogram for justering av bryggjer og naust på høyring i 2013
Austrheim	2006	2006	Kommuneplan 2014 – 2024 er under arbeid
Bergen	2013		Samfunnsdel er under arbeid
Bømlo	2013	2013	
Eidfjord	2011	2001	Planprogram for samfunnsdel på høyring i 2013
Etne	2003	2006	
Fedje	2013	2013	
Fitjar	2012		Planstrategien legg opp til oppstart av samfunnsdelen i 2014/15
Fjell	2011		Planprogram for rullering av areal- og samfunnsdelen vedteke i 2013
Fusa	2006	2011	Planprogram for rullering av arealdelen vedteke i 2013
Granvin	2009	2005	
Jondal	2012		
Kvam	2006	2003	Planprogram arealdel og samfunnsdel på høyring i 2013
Kvinnherad Mauranger Halsnøy Sandvoll, Åkra, Matre Ølve, Hatlestrand, Varaldsøy Rosendal, Husnes	2005 2008 2012 1989 2003	2000	Rullering av kommuneplanens areal- og samfunnsdel er i gang.
Lindås	2011	2011	
Masfjorden	2012	2012	
Meland	2004	2004	Planprogram for kommuneplanens arealdel vedteke 2011
Modalen	2004	2000	Planprogram for kommuneplanens arealdel vedteke 2010
Odda	2007	2013	
Os	2012	2005	Kommuneplanens samfunnsdel 2015-2027 er under arbeid
Osterøy	2011	2003	
Radøy	2011	2011	
Samnanger	2003	2007	
Stord	2011	2011	
Sund	2011	2011	Samfunnsdelen planlagt rullert (kommunal planstrategi)
Sveio	2011	2011	
Tysnes	2012	2002	
Ullensvang	2011	2011	
Ulvik	2003	2010	Arealdel på høyring i 2013
Vaksdal	2007	2005	
Voss	2011	2011	Planprogram for rullering av arealdelen vedteke i 2013
Øygarden	2006	2006	Planforslag (areal og samfunn) på høyring i 2013

Tabell 4: Kommuneplanar i Hordaland, areal- og samfunnsdel

### 2.1.3. Innhold i fråsegner frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune handsama i 2013 totalt 22 saker om kommunedelplanar. Av desse var halvparten planprogram. Av dei 11 kommunedelplanane som låg til offentleg ettersyn, var fem på første gongs høyring og blei vedtekte av Kultur- og ressursutvalet. I tillegg kom seks kommune(del)planar på 2.gongs høyring.

Figur 2 nedanfor viser kva tema Hordaland fylkeskommune hadde innspel til i kommune(del)planar, både til planprogram og til høyringsforslag på offentleg ettersyn. Figuren viser at kulturminne og kulturmiljø er omtalt i 14 av 22 saker, altså over halvparten. Andre tema som skil seg ut er landskap, friluftsliv, strandsone og utbyggingsmønster.




Figur 2: Tema i fråsegner frå fylkeskommunen til kommune(del)planar i 2013

### 2.1.4. Motsegner til kommune(del)planar frå Hordaland fylkeskommune

Kultur- og ressursutvalet i Hordaland fylkeskommune kan fremje motsegn til arealplanar som strir vesentleg med mål i regionale planar eller sektorinteresser som fylkeskommunen har ansvar for å forvalte.


Figur 3 viser at det blei fremma motsegn til alle dei fem kommune(del)planane som låg til 1. gongs offentleg ettersyn i 2013.



Figur 3: Kommune(del)planar med og utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune 2010-2013

Motsegnene frå Hordaland fylkeskommune dreier seg i hovudsak om kulturminne. Alle kommune(del)planane på høyring var i strid med kulturminneinteresser. I tillegg var det vesentlege interessekonflikt i to saker knytt til samferdsel, ei plansak om friluftsliv og ei plansak om samordna areal- og transportplanlegging (ATP).


Eit planforslag kan ha fleire motsegnstema, derfor er talet på motsegnstema høgare enn talet på kommune(del)planar på høyring.



Figur 4: Tema i motsegnene frå Hordaland fylkeskommune til kommune(del)planar i 2013

## 2.2. Reguleringsplanar


### 2.2.1. Reguleringsplanar på høyring i Hordaland 2008-2013



Figur 5: Reguleringsplanar på høyring i Hordaland 2008-2013.

Figur 5 viser utviklinga i talet på høyringar for reguleringsplanar, både områdeplanar og detaljplanar. Talet på reguleringsplanar på høyring har svinga dei siste åra. Etter toppåret i 2009 har det vore ein nedgang både i talet på reguleringsforslag på høyring og oppstartvarsel. I 2013 var det noko lunde same tal i oppstartmeldingar og høyringar – begge rundt 280. Dette er ein oppgang frå 2012.

Figur 6 viser fordelinga av områdeplanar og detaljarplanar på høyring i 2013. Talet på høyringar og oppstart er omtrent identisk for detaljplan. For områdeplanar var det litt fleire oppstartmeldingar enn høyringar.



Figur 6: Tal på detaljreguleringsplanar og områderegelringsplanar på høyring i 2013

### 2.2.2. Arealplanar på høyring i 2013, kommunevis

Tabell 5 (neste side) viser utvikling i reguleringsplanar på høyring fordelt på kommunar. Dei kommunane som sendte flest reguleringsplanar på høyring i 2012 var Bergen, Fjell, Askøy, Bømlo, Voss og Os. Dette er kommunar med høgt innbyggjartal og høg vekst, og fire av dei ligg i Bergensområdet.

Over halvparten av kommunane hadde ein oppgang i tal på regulerings saker på høyring i 2013. Særleg Austevoll, Austrheim, Bergen, Fitjar, Jondal merkte seg ut med prosentvis høg vekst. For Bergen, Fitjar og Jondal var 2013 eit toppår i reguleringsplansaker. Sveio, som har hatt eit snitt på 13 planar i året sidan 2008, hadde berre fem plansaker på høyring.

Kommune	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Askøy	38	30	29	33	36	40
Austevoll	28	29	33	17	13	22
Austrheim	11	2	4	7	3	9
Bergen	114	125	115	110	90	176
Bømlo	49	36	23	10	24	28
Eidfjord	10	12	9	4	3	8
Etne	6	18	7	8	5	12
Fedje	3	7	1	1	0	1
Fitjar	13	8	5	2	3	17
Fjell	36	63	30	38	37	52
Fusa	19	17	7	7	8	5
Granvin	2	5	7	5	8	6
Jondal	0	3	1	1	1	8
Kvam	18	29	22	17	22	23
Kvinnherad	24	35	45	24	18	16
Lindås	24	22	23	26	19	15
Masfjorden	9	8	6	6	5	5
Meland	10	7	4	17	8	8
Modalen	0	1	1	0	1	0
Odda	11	10	6	3	7	2
Os	40	34	19	23	17	26
Osterøy	19	12	4	7	7	7
Radøy	10	5	8	6	6	10
Samnanger	1	1	1	4	9	3
Stord	37	24	11	19	22	22
Sund	14	10	12	11	15	12
Sveio	13	12	18	9	17	5
Tysnes	10	9	4	3	2	8
Ullensvang	2	8	2	0	6	2
Ulvik	4	6	7	3	0	2
Vaksdal	5	5	2	6	3	3
Voss	37	40	27	25	29	26
Øygarden	16	18	13	13	5	10

Tabell 5: Oversikt over tal på arealplanar på høyring frå kvar kommune frå 2008 til 2013. Tala dekkjer både kommune(del)planar, reguleringsplanar og alle planfasar


### 2.2.3. Innhald i fråsegnene frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune gjev fråsegn til oppstartmeldingar og reguleringsforslag på høyring. I 2013 hadde Hordaland fylkeskommune 565 reguleringsplanar på høyring – både oppstartmeldingar og planforslag.

#### Konklusjonar

Blant høyringane hadde Hordaland fylkeskommune ingen merknad til halvparten av sakene (51%), sjå figur 7. 37% av sakene hadde fylkeskommunen merknader til. Det vil seie innspel til korleis planen kan ta omsyn til regionale interesser. Motsegn blei varsla i 3% av sakene, noko som inneber 19 plansaker av totalt 280 planforslag på høyring. Fylkeskommunen fremma motsegn til 7 reguleringsplanar til saman, det tilsvarar 3% .

Tala nedanfor viser konklusjonar i fråsegner til reguleringsplanar på høyring, både for områdeplanar og reguleringsplanar.




Figur 7: Konklusjonar i fråsegner frå Hordaland fylkeskommune til reguleringsplanar, både områdeplanar, detaljreguleringsplanar i alle nivå.

#### Tema

Temaa som Hordaland fylkeskommune tek opp i fråsegner er knytt til forvaltingsansvar eller til mål i regionale planar. Figur 8 (neste side) viser prosentvis fordeling av tema i fråsegner.

Dei fleste plantemaa blir prosentvis oftare omtalt i områdeplanar enn i detaljplanar. Dette kan ha samanheng med at områdeplanar i fleire samanhengar erstattar kommunedelplanar, og derfor dekkjer både større område og er meir kompliserte.


Kulturminne har flest innspel både i detalj- og områdeplanar. I tillegg blir temaa landskap og friluftsliv ofte omtalt. I kategorien «anna» ligg mellom anna planfaglege innspel til prosess, utgreiingsbehov, kvalitet på planmaterialet og andre tema knytt til rettleiing.



Figur 8: Innhald i fråsegnene til reguleringsplanar frå Hordaland fylkeskommune

## 2.2.4. Arkeologiske registreringar

Dersom planområdet har potensiale for funn av automatisk freda kulturminne må det gjennomførast ei arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9. Det er føremålstenleg å få området registrert før planen er ferdig utforma og lagt ut til offentlig ettersyn for å kunne ta omsyn til eventuelle konflikter med automatisk freda kulturminne. Det er tiltakshavar som må bære kostnadene med ei slik undersøking jf. kulturminnelova §§ 9 og 10.




Figur 9: Tal på arkeologiske registreringar etter kulturminnelova §9 til regulerings- og kommune(del)planar

Figur 9 viser at talet på arkeologiske registreringar dei siste åra har loge stabilt på rundt 60, men med ein liten variasjon. Nedgangen i 2011 og 2012 hadde truleg samanheng med at det var færre reguleringsplanar på høyring i desse åra.

## 2.2.5. Motsegner til reguleringsplanar frå Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune kan fremme motsegn til reguleringsplanar som i vesentleg grad påverkar fylkeskommunens sektoransvar eller målsettingar i regionale planar. Alle motsegnene skal vedtakast politisk av Kultur- og ressursutvalet.



Figur 10: Forholdet mellom reguleringsplanar med/utan motsegn frå Hordaland fylkeskommune 2010 - 2013

Talet på motsegner til reguleringsplanar ligg relativt lågt. Figur 10 viser at Hordaland fylkeskommune vedtok motsegn til 7 av 280 reguleringsplanar på høyring. Alle motsegnene dreia seg om kulturminne, men i ei sak var også konflikt med sentrumsutvikling grunnlag for motsegn.

Kommune	Plansak	Grunngeving	Resultat
Bømlo	Skogbu	Kulturminne	Semje
Bergen	Pasienthotell på Haukeland sjukehus	Kulturminne	Semje
Bømlo	Vorlandsvågen	Kulturminne	Semje
Bergen	Raa – Grønestølen	Kulturminne	Semje
Bergen	Møllendal Øst	Kulturminne	Ikkje avklart
Voss	Vangen Vest – Fleischer hotell	Kulturminne, sentrumsutvikling	Ikkje avklart
Radøy	Snekkevika	Kulturminne	Semje

Tabell 6: Resultat av motsegner frå Hordaland fylkeskommune i 2013

### 2.2.6. Oversending av reguleringsplanar til Riksantikvaren

Dersom Hordaland fylkeskommune ikkje vedtek faglege tilrådingar om motsegn knytt til nasjonale kulturminne-interesser, skal fylkeskommunen gje melding om dette til Riksantikvaren. Riksantikvaren kan då ta saka opp til handsaming og eventuelt fremme motsegn.

I 2013 blei ei sak oversendt til Riksantikvaren:


Kommune	Plansak	Resultat hos Riksantikvaren
Bergen	Skuteviksveien 30	Under handsaming

Tabell 7: Saker med nasjonal kulturminneverdi som blei oversendt til Riksantikvaren i 2013

## 2.3. Dispensasjonar

Hordaland fylkeskommune ligg på landstoppen når det gjeld dispensasjon etter plan- og bygningslova. I 2010 snudde trenden, og talet på rapporterte dispensasjonar har gått ned. Likevel er Hordaland framleis på dispensasjonstoppen på landsbasis. Andre fylke med mange dispensasjonar i 2013 var Vest-Agder med 752 dispensasjonar, Sør-Trøndelag med 376 dispensasjonar og Rogaland med 302 dispensasjonar.


Tala på dispensasjonar må tolkast varsamt, sidan rapporteringsmetodar og dispensasjonsvurderingar kan variere frå kommune til kommune.



Figur 11: Tal på dispensasjonar 2003 - 2013

### 2.3.1. Dispensasjonssøknader fordelt på kommune

I Hordaland er det Bergen kommune som har flest dispensasjonar, og omlandskommunane Askøy og Lindås har også høge tal. Felles for desse kommunane er at dei er kommunar med byggjepress og folketilvekst.



Tabell 8: Dispensasjonar i Hordaland kommunevis i 2013

Tabell 9 på neste side viser tal på dispensasjonssøknader på høring frå kvar kommune i Hordaland. Både Bergen og Askøy har ein nedgang i dispensasjonssøknader, men Lindås hadde ein auke frå 57 dispensasjonar i 2012 til 101 dispensasjonar i 2013. I tillegg til Bergen og Askøy hadde Etne, Osterøy og Fitjar stor nedgang i dispensasjonar. Særleg Etne peikar seg ut frå 75 saker i 2012 til 44 i 2013. På andre enden av skalaen hadde Tynes, Øygarden og Masfjorden relativt stor auke i talet på dispensasjonar.


	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Askøy	92	84	118	98	103	178	188	115	140	115
Austevoll	30	17	24	15	34	14	27	22	20	16
Austrheim	4	9	3	4	4	6	10	2	1	1
Bergen	131	115	93	62	74	118	261	259	300	248
Bømlo	12	19	47	48	37	49	34	30	58	53
Eidfjord	6	10	13	14	7	13	6	3	8	3
Etne	56	50	68	60	34	78	92	79	75	44
Fedje	2	2	0	4	6	14	8	0	2	0
Fitjar	14	11	21	20	14	23	19	29	20	12
Fjell	197	224	326	234	224	269	197	128	54	54
Fusa	10	11	25	17	25	23	20	25	14	23
Granvin	3	10	9	9	5	9	9	2	3	4
Jondal	2	0	1	3	3	1	6	7	1	3
Kvam	24	27	46	43	44	47	68	44	50	40
Kvinnherad	48	35	46	51	42	63	78	95	98	83
Lindås	21	22	33	32	50	77	80	75	57	101
Masfjorden	5	6	9	10	14	12	9	3	5	13
Meland	42	31	37	45	39	50	33	67	34	36
Modalen	0	0	0	0	1	0	0	0	3	2
Odda	11	6	17	23	9	10	8	4	7	8
Os	62	47	119	87	90	111	88	57	52	56
Osterøy	8	29	23	27	35	36	34	42	44	26
Radøy	26	41	18	20	21	13	5	11	9	10
Samnanger	10	8	7	2	0	0	0	9	9	0
Stord	16	13	29	16	21	26	12	14	22	29
Sund	31	41	47	53	28	21	26	38	32	32
Sveio	30	24	34	33	29	23	35	46	48	38
Tysnes	47	51	68	52	68	43	86	43	40	67
Ullensvang	1	5	14	7	6	4	1	8	9	4
Ulvik	2	6	3	7	6	7	6	5	6	7
Vaksdal	5	6	5	9	13	13	20	13	4	2
Voss	30	26	24	29	44	31	44	16	10	23
Øygarden	45	54	53	80	67	62	49	65	26	41
<b>TOTALT</b>	<b>1023</b>	<b>1040</b>	<b>1380</b>	<b>1214</b>	<b>1197</b>	<b>1444</b>	<b>1559</b>	<b>1356</b>	<b>1261</b>	<b>1194</b>

Tabell 9: Dispensasjonssøknader fordelt på kommunane 2008 – 2013

### 2.3.2. Dispensasjonshandsaming i Hordaland fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune kan ut i frå regionale interesser gje fråsegn til søknader om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel, reguleringsplan og byggjeforbodet i strandsona. På grunn av manglande kapasitet blei dispensasjonssøknader i 2013 berre handsama av kulturminne.


Figur 12 viser at tale på dispensasjonssaker som Hordaland fylkeskommune rådde frå i 2013 er lågare enn tidlegare år, både når det gjeld automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne.



Figur 12: Dispensasjonssaker som Hordaland fylkeskommune rådde i frå 2004-2013

Hordaland fylkeskommune har klagerett på vedtak om dispensasjon frå planar etter plan- og bygningslova. Klagen blir ofte gjort med omsyn til automatisk freda kulturminne, men klageretten er òg brukt for å sikre verdifulle nyare tids kulturminne som ofte er regulert til vern.

I 2013 har Hordaland fylkeskommune rådd i frå 20 dispensasjonssaker og klaga på 3 dispensasjonar. Desse tala skil seg ikkje nemneverdig frå den langsiktige trenden, men er vesentleg lågare enn nivået på dispensasjonar i 2010 og 2011.



Figur 13: Vedtak av dispensasjonar som Hordaland fylkeskommune klaga på i 2013

### 3. Planhandsaming av regionale organ i Hordaland

Alle oppstartvarsel og planforslag blir sendt på høyring til regionale og nasjonale organ, som skal sjå til at deira interesser og forvaltingsansvar blir følgt opp i kommunale planar. Desse etatane kjem med fråsegn til planfor- slaga og kan fremje motsegn dersom planforslaget strir vesentleg med deira ansvarsområde. Tabellen nedan- for viser ei liste over aktuelle høyringsorgan (lista er ikkje uttømmande):

Motsegsorgan	Motsegskompetanse T 2/13 (august 2013)
Andre kommunar	Saker av vesentleg betydning for kommunen
Avinor	Luftfartsanlegg drivne av Avinor
Biskopane/Bispedømme	Kyrkjer og gravplassar
Direktorat for mineralfor- valting	Mineralske førekomstar, massetak og bergverk
Direktorat for samfunnsik- kerheit og beredskap	Planar knytt til verksemder som handterer farlege stoff, transport av farleg gods, brannsikkerheit, herunder tunnellar og underjordiske anlegg.
Fiskeridirektoratets regi- onskontor	Fiskeri, tang- og tarehausting
Forsvarsbygg	Forsvarets interesser
Fylkeskommunane	Kulturminne-, kulturmiljø- og landskapsomsyn, friluftsliv, samordna areal- og transportplanlegging, kjøpesenter, regional plan eller planstrategi, barn og unges interesser, universell utforming, fylkesvegar, havbruksinteresser og ak- vakultur.
Fylkesmennene	Forurensing, herunder støy, lokalluft og klima, vassmiljøkvalitet, naturmangfald, landskap, friluftsliv, strandsone, samordna areal- og transportplanlegging, kjø- pesenter, tilstrekkeleg bustadbygging, folkehelse, barn og unges interesser, universell utforming, samfunnssikkerheit, risiko og sårbarheit, jord- skogbruk og kulturlandskap.
Jernbanelverket	Jernbanar, jernbanetransport
Kystverket	Hamne- og farvassforvalting, utnytting av sjøområde, kaianlegg, sjøverts transport.
Luftfartstilsynet	Støyomsyn ved lufthamnsdrift og reglane om luftfartshinder, offentlege luft- hamner som ikkje er drivne av Avinor.
Mattilsynet	Fiskehelse og fiskevelferd, drikkevatt
Noregs Vassdrags og Energidirektorat	Energi-, skred-, vassdrags og grunnvasspørsmål
Områdestyra for reindrif- saker	Reindrift
Politidistrikta	Kriminalitetsførebygging
Riksantikvaren	Kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser
Sametinget	Samiske kulturminne-, kulturmiljø og landskapsinteresser. Samisk kultur og næringsutøving.
Statens Vegvesens regi- onskontor	Riksvegar, vegtransport
Statsbyggs regionskontor	Byggje- og eigedomspolitik og samfunnspolitiske mål i forhold til arkitektur.
Oljedirektoratet	Etablerte og planlagde landsanlegg og rørleidningar for petroleumsverksemd knytt til utvinning av petroleum på norsk kontinentalsokkel.

Tabell 10: Myndigheiter med motsegskompetanse etter nytt rundskriv. Lista er ikkje uttømmande.

### 3.1. Prøveordning: Koordinering av motsegner.

I august 2013 kom ein rundskriv frå Miljøverndepartementet som erstatta tidlegare motsegnrundskriv og som er oppdatert etter plan- og bygningslova som trådte i kraft 1. juli 2009. Rundskrivet frå 2013 presiserte grep for å avklare konflikter tidleg i planprosessen, behovet for grunngevingar og behovet for samordning av motsegner der det er motstrid mellom motsegnene. I tillegg blei lista over motsegnorgan oppdatert (sjå tabell 10).

Frå september 2013 har motsegner frå statlege etatar blitt koordinert gjennom Fylkesmannen i Hordaland. Dette er ei prøveordning der målet er færre motsegner og meir føreseielege prosessar.


I praksis inneber ordninga at dersom statlege etatar meiner det er grunn for å fremme motsegn, skal Fylkesmannen involverast. Fylkesmannen i Hordaland kan stadfeste trongen for motsegn, men har også høve til å avvise motsegna.

Sidan prøveordninga blei sett i verk hausten 2013 er det ikkje nokon konkrete tal på korleis ordninga har påverka handteringa av motsegner.

### 3.2. Motsegner i Hordaland 2008-2013

Det kan fremjast motsegn til ein planforslag dersom:

- Planen er i strid med vedtekne nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer
- Planen er i strid med pågåande regionalt planarbeid
- Planen er ikkje utgreidd godt nok



Figur 14: Motsegner i Hordaland frå alle etatar og plantypar samanlikna med planar på høyring 2010 - 2013

Figur 14 viser talet på planar som har fått motsegn parallelt med talet på planar på høyring. Ein bør merkje seg at den same planen kan ha motsegner frå fleire etatar. Det vil seie at tabellen viser kor mange planar som møtte motsegn, men den gjev eit bilete av forholdet mellom talet på motsegner og planar på høyring.

Fram til 2012 var motsegnstatistikken noko lunde proporsjonal med talet på planar på høyring – kom det fleire planar på høyring så førte det til fleire motsegner. I 2013 endra det bildet seg; sjølv om det kom fleire planar på høyring blei talet på motsegner nesten halvert.

Det er Fylkesmannen, Statens Vegvesen og NVE som har hatt den største nedgangen i talet på motsegner i 2013. Sjå meir i tabell 9 på neste side. Det er uklart kva som er årsaken til nedgangen. For NVE var 2012 det første året med nye retningslinjer om skred, noko som førte til ein oppgang i motsegner. Det kan verke som at planleggjarar og kommunar har tatt retningslinjene i bruk og såleis fått ein auka kvalitet på planane. Auka kvalitet på planane kan også vere ei forklaring på at fylkesmannen har færre motsegner knytt til formelle høve. I tillegg har fylkesmannen fått eit større fokus på dialog og medverknad i planprosessane, mellom anna gjennom forsøksordninga med samordning av statlege motsegner i kommunale arealplansaker.

Motsegnsinnsinstans	2010	2011	2012	2013
Fylkesmannen	50	53	52	23
Hordaland fylkeskommune	12	24	15	12
Statens Vegvesen	13*	23*	33	9**
Jernbaneverket	1	3	5	3
Fiskeridirektoratet	7	6	1	3
Kystverket	1	0	2	0
Forsvarsbygg	0	2	2	1
NVE	3	12	21	13
Bjørgvin Bispedømme	1	0	0	0
<b>SUM</b>	<b>88</b>	<b>123</b>	<b>131</b>	<b>64</b>

Tabell 11: Motsegner frå regionale organ 2010 - 2013

\* 2010-2011-tala frå Statens Vegvesen manglar kommunane som ligg under Roglandskontoret

\*\* 2 av motsegnene frå Statens Vegvesen er fremja via Hordaland fylkeskommune. Dei er derfor talt dobbelt

### 3.2.1. Plansaker til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland 2008-2013

Motsegn inneber at kommunen ikkje kan eigengodkjenne planen. I praksis betyr det at planvedtaket blir utsett til ein har funne ei løysing med den motsegnsinnsinstansen som har fremma motsegna. Dersom det ikkje blir semje mellom kommunen og motsegnsinnsinstansen går saka til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland.

Talet på motsegner som går til mekling er svært lågt i forhold til talet på motsegner. Dette betyr at dei fleste motsegnene blir løyst utan at det er behov for mekling. Tabell 12 viser at 2013 også hadde relativt få meklingar, sjølv om det er ei lita auke frå 2012. I 2013 blei det gjennomført 7 meklingar.

	2008	2009	2010	2011	2012	2013
Kommune(del)plan	3	2	0	3	3	1
Reguleringsplan	16	9	20	7	1	6
<b>Meklingar totalt</b>	<b>19</b>	<b>11</b>	<b>20</b>	<b>10</b>	<b>4</b>	<b>7</b>

Tabell 12: Plansaker til mekling hos Fylkesmannen i Hordaland 2008-2013

### 3.2.2. Plansaker til mekling i 2013

Tabell 13 viser kva planar som gjekk til mekling i 2013. I fire saker førte meklinga fram til semje. I to saker førte ikkje meklinga fram, og ei av desse sakene er sendt til Miljøverndepartementet.

	Sak	Motsegn frå	Motsegnstema	Resultat
Bergen	Reguleringsplan for Søvikneset	Fylkesmannen	Strandsonevern, friluftsliv, i strid med kommuneplanen	Mekling førte fram
Bergen	Reguleringsplan for Hamrevegen	Fylkesmannen	Grøntareal, i strid med kommuneplanen	Mekling førte fram
Masfjorden	Kommuneplanens arealdel	Kystverket	Festebøyer for skip	Sendt til miljøverndepartementet. Planen er vedtatt med unntak av konfliktområdet
Bergen	Reguleringsplan for Nygårdslie	Fylkesmannen	Utnyttingsgrad, friluftsliv, barns leikeområde	Mekling førte fram
Kvam	Reguleringsplan for Damvegen	Fylkesmannen	LNF, Friluftsliv, landskap	Mekling førte fram
Bergen	Reguleringsplan for Hordnesskogen	Statens Vegvesen	Steindeponi, vegløyving	Mekling førte fram
Fjell	Reguleringsplan for Snekkevika	Fylkesmannen	Friluftsområde, leik, rekreasjon	Mekling førte ikkje fram

Tabell 13: Oversikt over plansaker til mekling i Hordaland i 2013

Fleire av sakene er eldre saker som har vore til handsaming i kommunane i fleire år før sakene blei reist på nytt i 2013.

### 3.2.3. Plansaker avgjort av Miljøverndepartementet i 2013

Dersom det ikkje blir semje i meklinga mellom kommunen og Fylkesmannen i Hordaland kan plansaka sendast til avgjerse hos miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet gjer endeleg vedtak, og vedtaket kan ikkje klagast på.

	Sak	Motsegn frå	Motsegnstema	Resultat
Fusa	Regulerings- endring for naust	Fylkesmannen	Strandsonevern, landskap, storleik på naust	Motsegna tatt i hovudsak til følgje
Odda	Reguleringsplan for Mågelitopp	Riksantikvaren	Kulturminne	Reguleringsplanen godkjent med krav til utbygginga og tilpassing til terrenget
Bergen	Kommuneplan	Fylkesmannen Jernbaneverket	Parkering, rekkefølgekrev, bustadområde, naustområde. Godsterminal på Nygårds- tangen	Motsegner i hovudsak tatt til følgje. Kommuneplanen godkjent med endringar.
Os	Kommuneplan	Fylkesmannen	LNF, Landbruk	Departementet godkjente kommuneplanen

Tabell 14: Plansaker avgjort av Miljøverndepartementet i 2013

## 4. Tettstadutvikling

### 4.1. Lokalt og regionalt samarbeid

Det var i 2013 stor aktivitet innan planlegging og utvikling av mange av fylkets byar og tettstadar, med gjennomføring av breie samarbeidsprosessar i fleire kommunar, både om planlegging og realisering av større fysiske prosjekt. Det har blitt gjennomført stadanalyser, moglegheitsstudiar, idéprosjekt og forprosjekt. Dette som underlag både for langsiktig sentrumsplanlegging og bygging av større fysiske prosjekt.

Å styrke den urbane kvaliteten i sentrum kan gje positive ringverknadar i form av auka næringsutvikling, meir liv i sentrum og auka trivsel for lokalsamfunn og besøkande. Lokalisering av fleire aktivitetar til sentrum og funksjonsmangfald kan gje synergieffektar både på kort og lang sikt.

«Suksessfaktoren» for gode resultat viste seg også i 2013 å vere godt organiserte og breie samarbeidsprosessar lokalt og regionalt. Offentleg/privat samarbeid, engasjement og eigarkjensle blant innbyggjarar og næringsdrivande kan vere ein føresetnad for å få gjennomslag for større sentrumsprosjekt som i praksis krev stor innsats over mange år - og pengar - for å bli realisert. Dei fleste kommunane har difor valt å dele sine prosjekt opp i fleire trinn for å lukkast med gjennomføringa.

### 4.2. Norheimsund vann den nasjonale prisen «attraktiv stad 2013»

Norheimsund gjekk i 2013 til topps i den nasjonale tevlinga om å bli «Attraktiv stad 2013» - i konkurranse med over 350 andre kandidatar. Norheimsund fekk brei omtale i media, og dei ansvarlege i heradet vart i etterkant invitert til ei rekkje kommunar og konferansar rundt i landet for å formidle korleis dei har oppnådd slike resultat.

Prisen vart utdelt i Norheimsund 28. mai av regional- og kommunalminister Liv Signe Navarsete. Norheimsund vann fordi staden vart vurdert høgt for si satsing på ei rekkje ulike område; arkitektonisk og funksjonell kvalitet i sentrum, med gode offentlege rom og fellesareal; samt godt samarbeid mellom heradet og næringsdrivande, med omfattande fysiske investeringar også frå desse. Vidare for god tilrettelegging av strandområdet, med eiga badestrand og samanhengande promenade frå sentrum til Fartøyvernensenteret. Stor innsats frå frivillige organisasjonar med varierte tilbod for ulike aldersgrupper i sentrum vart også lagt merke til.

Prisutdelinga har vore til stor inspirasjon for Kvam og Norheimsund, og heradet held fram med vidare utvikling i og rundt sentrum, m.a. med nye bustadar. Hordaland fylkeskommune har sidan 1990-talet har delteke med rådgjeving og delfinansiering.



PRISVINNAR: Norheimsund vann prisen «attraktiv stad 2013» (foto: Kvam herad)

### 4.3. Tilskot til planleggingsprosessar og prosjekt

Fylkeskommunen løyvde i 2013 tilskot frå *Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland* (HNN, tidl. RUP) til Kvam herad; byggjetrinn 3 av «Strandvegen» og til Granvin herad til det fleirårige prosjektet for utvikling av Stasjonsområdet i Eide sentrum; dvs. utviklingsstudie, del 2. Granvin er også med i det nasjonale prosjektet «Framtidsbygda», som ein av 5 utvalde kommunar i landet.

Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Kvam	Strandvegen i Norheimsund sentrum, byggjetrinn 3	1.500.000
Granvin	Mulighetsstudie/detaljstudie, stasjonsområdet i Eide sentrum	150.000
<b>SUM</b>		<b>1.650.000</b>

Tabell 15: Tilskot til planlegging frå handlingsprogram for Næringsutvikling (NHH)

Det er også gitt fleire tilskot, i alt kr 522.000, frå *Partnerskap for kommune- og tettstadsplanlegging* til utarbeiding av utviklingsstudier, stadanalyser m.m.

Kommune	Prosjekt	Tilsegn, sum
Os	Utviklingsstudie, Os sentrum	200.000
Lindås	Kvalitetsprogram, del 2. Områdeplan for Knarvik	100.000
Granvin	Prosjektet «Framtidas bygder». Utviklings-studie for Stasjons-området, detaljstudie, Eide sentrum	100.000
Leirvik	Prosjekt «Gangbar tettstad»	60.000
Sveio	Kulturminneplan	62.000
<b>SUM</b>		<b>522.000</b>

Tabell 16: Tilskot til planlegging frå partnerskap kommune og tettstadsplanlegging i 2013

## 5. Rettleiing og kompetanseutvikling

Rettleiing og kompetanseutvikling innanfor kommunal planlegging er ei av kjerneoppgåvene til fylkeskommunen. I Hordaland blir det lagt vekt på rettleiing gjennom handsaming av kommunale plansaker, fagsamlingar med erfaringsutveksling, regionalt planforum, konferansar og informasjon via internett. I tillegg jobbar Hordaland fylkeskommune mot universitet og høgskulemiljø for å bidra til forskning og utdanningstilbod innanfor planlegging.

### 5.1. Plannettverk – fagsamling for planleggjarar

Plannettverk er ein møteplass for alle som er involvert i kommunal planlegging; planstrategi, kommuneplanar, reguleringsplanar eller relevant sakshandsaming. Det rettar seg mot administrasjon i kommunane og regionale etatar og er lagt opp til å gi kunnskap om relevante plantema, døme på praktiske løysingar og diskusjon.

Nokre gonger vert plannettverk kombinert med andre arrangement.

I 2013 var det 4 plannettverksmøte med følgjande tema:

Tid	Tema	Merknad
Mars	Kommunale kulturminneplanar	Samarbeid med Riksantikvaren
Mai	Strandsone og landskap i planlegginga	
September	Handel og kjøpesenter	Saman med temasamling Regional plan for attraktive senter
November	Tenester, arbeidsplassar og fritidstilbod	Saman med temasamling Regional plan for attraktive senter

### 5.2. Regionalt planforum

Regionalt panforum er eit samarbeidsforum for kommunalt og regionalt nivå, der kommunane har høve til å diskutere planarbeid med regionale myndigheiter samla.

Det er Hordaland fylkeskommune som leier og koordinerer planforum, og fast møtedag er siste tysdag i månaden. Møteplan, møtereferat og bakgrunnsstoff blir lagt ut på [www.hordaland.no/plan/planforum](http://www.hordaland.no/plan/planforum).

Månad	Kommune	Planarbeid
Januar	Voss Bergen	Planprogram for kommunedelplan for E-16 Nærøydalen Reguleringsplan for Seimsmyrane
Mars	Kvam	Planprogram for kommuneplanens areal- og samfunnsdel
Mai	Lindås	Planforslag for områdeplan for FV 57 Knarvik – Isdalstø
Juni	Fusa	Planprogram for kommuneplanens arealdel
August	Samnanger Hordaland fylkeskommune	Planprogram for kommuneplanens arealdel Forslag til regional plan for folkehelse
September	Årssamling	
November	Lindås Voss/Statens Vegvesen	Forslag til områdeplan for Knarvik sentrum Forprosjekt om linjeval i kommunedelplan for E16 Nærøydalen
Desember	Hordaland fylkeskommune	Planprogram for ny godshamn i Bergensområdet

Tabell 17: Saker i planforum i 2013

Planen som har blitt tekne opp i planforum er i hovudsak kommune(del)planar, men områdeplanar og større detaljplanar har også blitt lagt fram i planforum.

Møta i planforum hadde noko lågare oppslutnad i 2013 enn i tidlegare år. I løpet av dei siste åra har aktiviteten i planforum gått ned.

	2010	2011	2012	2013
Kommune(del)planar	14	9	9	5
Områdereguleringsplanar	4	9	4	2
Detaljreguleringsplanar	1	0	2	1
Regionale planar	5	1	1	2
<b>Totalt</b>	<b>24</b>	<b>19</b>	<b>16</b>	<b>10</b>

Tabell 18: Saker i planforum 2010 – 2013

### 5.3. Internett

Ein viktig del av rettleiings- og informasjonsarbeidet om fylkeskommunen sin planaktivitet, rådgjeving, dialog og kompetansebygging skjer på nettsida [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan). Det er jamn aktivitet på sidene og det var i alt 51 nyheitsoppslag på «Plan-nytt» i 2013. Det er med redaksjonelt samarbeid om internett både internt på regionalavdelinga og med kommunikasjonsansvarlege i fylkeskommunen for øvrig. Nettredaktør på plan var med på å utarbeide regionalavdelinga sin internettstrategi som vart iverksett i 2013.

Trafikk på nettsida «planlegging»	2012	2013
Treff (sidevisingar)	61 794	53 314
Unike sidevisningar	43 087	38 418
Mobilbesøk	1 046	1 886
Besøk	20 395	19 102
Unike besøkande	8 693	7 563
% nye besøk	39	35,3
Sider pr. besøk	3	2,8

Tabell 19: Trafikk på nettsida "planlegging"

Tabellen viser at av dei 19 102 besøkande på sidene var det 7 563 unike besøkande, dvs. besøkande som berre er tald ein gong på nettstaden i løpet av året. Ei unik sidevisning legg saman sidevisningar for same brukar i same økt.

Totalt sett er det noko nedgang i trafikken på nettsidene sett i høve til 2012. Ei forklaring på dette er at 2012 hadde særleg høg trafikk i januar i samband med eit opplegg for planopplæring for folkevalde, i tillegg til møteverksemd og innspel knytt til regional planstrategi. For resten av året er det liten skilnad mellom dei to åra, bortsett frå i tida før plankonferansen, som i 2012 hadde eit større nedslagsfelt fordi det då var felles konferanse med Bustad- og byplanforeningens nasjonale planmøte. Medverkande til nedgangen kan også vere at det er etablert ei felles kurs- og konferanseside for hordaland.no, som har hatt noko av tidlegare trafikk til planleggingssidene. Med dette som bakgrunn kan det sluttast at besøket på nettsidene er stabilt. Dei mest viste sidene i 2013 var dei som viste vedtekne regionale planar, regionale planar under arbeid samt kurs og konferansar. Dette speglar den høge aktiviteten knytt til regionale planprosessar i 2013 og trafikk generert av tettstadkonferansen og plankonferansen.

### 5.4. Tettstadkonferansen 2013 «gode bustader i sentrum»

Tettstadskonferansen vart halden på Voss 15. og 16. april, med hovudtema bygging av gode bustader i sentrum. Med temaet «gode bustader i sentrum» blei det sett søkjelys på bukvalitet, både arkitektonisk, funksjonelt og med omsyn til berekraft, områdekvalitet og identitet.

Det vart vist eksempel på korleis ein kan byggje nye sentrumbustadar med kvalitet, og korleis desse kan vere miljøskapande og styrke identiteten til staden. Vidare at det er mogeleg å skape bustadområde som stimulerer til sosial aktivitet og gode naboskap.

Professor Jens Kvorning frå Danmark viste ved ei rekkje eksempel korleis ein ved å byggje lågare og tettare (3 til 4 etasjar) kan få minst like god utnytting i sentrumsprosjekt som ved å byggje høgare. Eksempel frå byar

som Oslo og København viser at med lågare bygningar kan ein oppnå langt betre miljøkvalitet. Innlegget var tankevekkande, ettersom bustadbygging med langt fleire etasjar synest å ha fått innpass ei rekkje stadar i No-reg.

Konferansen hadde også ein «workshop» for å få innspel til fylkeskommunens arbeid med ny «Regional plan for attraktive sentra i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel.» Det kom ei rekkje konstruktive bidrag til det vidare planarbeidet.

Konferansen fekk rekordhøg deltaking, med opp mot 200 deltakarar.



MEDVERKNAD: På tettstadkonferansen blei det arrangert gruppearbeid for å få innspel til Regional plan for attraktive senter (Foto: Per Nordmark)

## 5.5. Plankonferansen 2013

Plankonferansen er ein årleg møteplass for folk som arbeider med planlegging i Hordaland. Målgruppa er kommunane og fylkeskommunen, statlege sektororgan, forskning- og utdanningsinstitusjonar, konsulentar innan plan og relevante frivillige organisasjonar.

Plankonferansen som fann stad på hotell Grand Terminus 29. – 30. oktober hadde tittelen «Fellesinteresser og eigarinteresser i planlegging - kart som premiss og produkt». Hovudtema var eigedom i plan, politikk i planprosessar, plankart i ei digital framtid, temadata/analysar og forhandling/konflikt i planlegging som tema. Eit innlegg med tilbakeblikk på jordskiftehistoria vekte interesse.

Tilbakemeldingane frå deltakarane var gode, og det vart særleg påpeikt at dette var matnyttige tema for ein planleggjar. Konferansen samla om lag 250 deltakarar. Dei fleste kom i frå kommunar og statlege etatar, men konsulentbransjen, utdanningsinstitusjonar og private aktørar var godt representert.



FULLT HUS: Plankonferansen fylte Terminus Hall med deltakarar frå både kommunar, konsulentbransjen, forskning- og utdanning, politikk og statleg forvaltning (Foto: Per Nordmark)

## 5.6. Forsking og utdanning

Det er eit stort behov for kvalifiserte planleggjarar i kommunane, samstundes som det er mangelfull utdanning innanfor planfaget. Derfor har Hordaland fylkeskommune i fleire år vore pådrivar for å utvikle fagtilbod innanfor plan, og å støtte relevante forskingsprosjekt.

Planseksjonen i Hordaland fylkeskommune hadde i 2013 eit nært samarbeid med Høgskulen i Bergen (HiB) om utforming av søknad for ein erfaringsbasert mastergrad i planlegging som skal vere knytt til HiB. Ved utgangen av 2013 var søknaden i ferd med å bli ferdig utforma for oversending i februar 2014.

Planrett ved Universitetet i Bergen er eit av faga som skal inngå i den erfaringsbaserte mastergraden i planlegging. Planrettkurset går no på fjerde året ved Juridisk institutt.

I tillegg støtta Hordaland fylkeskommune forskingsprosjektet AREALKlim, der Vestlandsforskning forskar på korleis planlegging kan føre til færre negative konsekvensar ved naturhendingar som flaum, storm eller havnivåstiging. Dette prosjektet skal munne ut i konkrete råd til kommunal og regional planlegging. Funna skal baskast inn i eit fagtilbod ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, som også skal inngå i den erfaringsbaserte mastergraden i planlegging.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Tlf: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)